



Ein triveleg seinhaustleg tradisjon på KV (tidlegare AFA) er salskafeen på ein laurdag og no er avdelingsleiar Inger Naterstad igjen klar med grautgrytene (biletet).

Laurdag frå klokka 10 til 15 går kafeen føre seg og grautsal er ein fast programpost. I tillegg kjem sjølvsgat kaffe og kaker.

Men hovudsaken er naturlegvis salet av ymse produkt som dei tilsette har laga gjennom året og dei spenn over eit vidt spekter. Men 'mjuke produkt' er nok i fleirtal.

Det plar koma folk frå store delar av Kvinnherad til Uskedalendene denne dagen og det gjer det sikkert også i år.

Dette er ein fin måte å profilere verksemda på. Også sidan siste salskafe på same tid i fjor har mykje positivt skjedd ved KV. Vi tenkjer her ikkje minst på førebuingane framfor neste byggjesteg som millom anna omfattar den flotte muren.

Foto: Ola Matti Mathisen